

---

Vår referanse 2020/41831-2  
Dato 12.03.2020

---

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

## Uttale - Dispensasjon - Fv 5310 - Gnr 327 bnr 22 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune viser til brev mottatt 14.02.2020.

Kva saka gjeld:

Det er søkt om frådelling av eksisterande våningshus på gnr. 327 bnr. 22 i Alver kommune. Våningshuset høyrer i dag til ein mindre småbruk. Eigedomen er uregulert og avsatt til LNF-område jf. Kommunedelplan for Meland. Avkøyrsl til fylkesveg 5310 er regulert jf. *Reguleringsplan Fv. 245 frå Hatleberget til Skarpeneset, PlanId 125620070004*.

Vestland fylkeskommune har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf.pbl. §19-2. Vi har og klagerett i slike saker.

Uttale:

Søknad om dispensasjon gjeld frådelling av parsell med påståande våningshus. Ei større restparsellen på om lag 14 daa og vert ståande ubygd.

Vestland fylkeskommune er kritisk til omsøkte frådelling. Sjølv om dette er frådelling av eit eksisterande våningshus, har føremålet i utgangspunktet vore landbruksdrift, som er knytt til areala. Nå ein no deler frå våningshuset på bruket, vil dette legg press på utbygging av restparsellen. Vi meiner at slike grep høyrer heime i ein overordna plan, eller gjennom ein reguleringsplan. Dette for å vurdere relevante forhold som tilkomst til overordna vegnett, trygg skuleveg, tilgang til kollektivtransport mv.

Det er i søknaden vist til at avkøyrsla er regulert. Vi vil vise til at når avkøyrsla er regulert og eigedomen elles er uregulert, gjeld reguleringsplanen for eksisterande forhold. Det vert no søkt om endringar i eigedomstilhøvet. Plan og bygningslova § 27.4 legg til grunn at forholdet til avkøyrsl skal vere avklart før det vert gjeve løyve til deling av grunneigedom. Begge parsellane må ha avkøyrsløyyve. Vi kan ikkje sjå at dette er omsøkt i denne saka.

Vi har ikkje vore på synfaring i denne konkrete saka. Dersom det vert søkt om avkøyrsløyyve vil vi stille krav om at den er opparbeidd i samsvar med våre krav til sikt og utforming før det vert gjeve løyve til ny eller endra bruk.

Vi ber om å få kommunen sitt vedtak til klagevurdring.

Med helsing

Hege Løvteit  
Leiar

Tone Bøyum  
Senioringeniør

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*